

Haugsdal 23/5-2015

201103297-24

KSK/ HNCL

312

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0391 Oslo

Høyringsuttale vedkomande Bjørneklettbotn Kraftverk,
Vassdragsnr. 067.2A, tiltakshavar Småkraft AS.

Som berørte grunneiere på G.nr. 55/1 og 54/2, har vi en del kommentarer til konsesjonsøknaden frå Småkraft AS.

Den er prega av hastverksarbeid, og inneheld mykje feilinformasjon og manglar.

Minstevannføring:

Den allerede sterkt reduserte vannføringa, som følge av utbygging av vassdraget, driftsatt 1956, har ført til at Haukelandsvatnet er i ferd med å gro til. Ved redusert vannføring vil dette problemet forsterka seg.

Elva fungerer i dag som stengsel for husdyr på beite. Ved ei eventuell utbygging og ytterligare redusert vannføring vil det verta nødvendig med gjerde langs elva.

Vi meiner at minstevannsføringa på 50 L/sek som er foreslått i søknaden er skremmande lav og jamgodt med tørr elv i ein grov elvebotn.

Kulturminner:

Langs Bjørneklettelva er det fleire kulturminner, bl.a. trerenner og murar etter 2 mindre kraftverk og felles sagbruk, G.nr 54.1 og 54.2.

Over planlagt inntak, er det sætervoll med grunnar etter sæter.

Langs hovedelva går ferdselsvegen, med murar og trebruer, som i hundrevis av år var forbindelsen til omverden for gårdene øverst i Haugsdalen, i dag kalt kulturstien.

I Haukelandsfossen er det laget renner for å samle vatn til div. anlegg som kvernhus, sag og kraftasjon. Rennene i berget er synlige i 2/3 av fossefallet.

Dyr og fugleliv:

Fossekallen er vanlig i og rundt Haukelandsfossen.

I Haukelandsvatnet er det kvart år flere ender som får kull.

Det er rikelig med fisk, og BKK tar jamnlig opp fisk for utsetting lenger oppe i vassdraget.

Vannforsyning:

Fjon fjellkirke og Storevatn fritid har begge borehull til vannforsyning, disse ligg mindre en 100 meter fra inntaket til kraftverket. Ei utbygging kan føra til at borehulla vert turrlagte.

Ei utbygging med redusert vannføring, eller ikkje vannføring, vil føra til redusert bumiljø for dei som bur langs elva.

Aktiviteter som fiske og bading vert sterkt reduserte. Fossane blir borte, og tilbake er tørrlagte bade og fiskekulper.

Til slutt vil vi gjøre det klart at vi ser negativt på at bumiljøet vårt skal forringes fordi kapitalinteresser skal bygge ut kraft som det ikkje er behov for her i landet.

55/1

Harald Hagen Haukeland

54/2

Jan Fauskanger
Hildegunn Fauskanger